

Møteinnkalling

Møtedato: 30.09.2014
Møtestad: Stryn kommunehus, møterom 3042
Møtetid: Kl. 10:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, revisor i sak 023/14 og rådmann v/økonomirådgjervar i sak 024/14.

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no](mailto:arva@sekom.no)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
021/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/14	Skriv og meldingar
023/14	Prosjektplan for forvaltningsrevisjon - Bekymringsmeldingar i barnevernet
024/14	Orientering om arbeidet med økonomireglement i Stryn kommune
025/14	Budsjett for kontrollutvalet i Stryn 2015
026/14	Oppfølgingsliste 4 - 2014
027/14	Eventuelt

Med helsing

Rune Myklebust
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 30.09.2014	Saksnr 021/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/226
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 30.09.2014	Saksnr 022/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/106
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
16.07.2014	KS 022/14 Godkjenning av årsmelding og rekneskap 2013, handsama 21.5.2014	160
16.07.2014	KS 042/14 Rekneskapsrapport 1. tertial 2014 - Stryn kommune, handsama 26.6.2014	161
16.07.2014	1. tertialrapport Stryn kommune perioden 1.1.-30.4.2014	162
Materiell/informasjon i samband med samlinga for kontrollutvala i Stryn og Hornindal 19. september vert gitt i møtet.		

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 077/14	Formannskapet	14.05.2014
KS 022/14	Kommunestyret	21.05.2014

Avgjerd av:
Sakshandsamar: Randi Rørvik

Ref: 14/294 -16

Ark. 00 14

Godkjenning av årsmelding og rekneskap 2013

Presentasjon:

Saka gjeld godkjenning av kommunen sin rekneskap og årsmelding for 2013. Rekneskapet er viser eit overskot på kr. 10.809.742,54.

Etter gjeldande regelverk skal kontrollutvalet handsame rekneskap og årsmelding og gje uttale til kommunestyret med kopi til formannskapet som skal fremje tilråding til kommunestyret.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Kommunelova med føresegner

Uprenta vedlegg:

- Etatsvise og avdelingsvise årsrapportar.

Vedlagt saka:

- Rekneskap for 2013 (intern- og eksternrekneskap) inkl. notar og revisjonsmelding.
- Årsmelding 2013.
- Fråsegn frå kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

Etter Kommunelova skal kommunestyret handsame kommunerekneskap og årsmelding seinast seks månader etter regnskapsårets slutt.

Overskots-/underskotshandtering skal framgå av vedtaket.

Vurdering:

Slik kommunens økonomi framstår, er det naturleg å avsette overskotet til disposisjonsfond som igjen vert disponert gjennom egne saker/vedtak.

Det er også mogleg å splitte overskotsdisponeringa opp allereie ved rekneskapshandsaminga. Slik rådmannen ser det, tykkjest dette aktuelt for disponeringa av overskotet for 2013. Liknande splitting skjedde ved disponeringa av overskotet for rekneskapsåret 2012.

Det er fleire faktorar som bidreg for å oppebere ein god økonomisk kontroll. Ein hovudfaktor er budsjettdisiplin og respekt for vedtekne budsjett. Organisasjonen har gjennom mange år vist god budsjettdisiplin og respekt for dei politiske budsjettvedtaka. Stryn kommune med sine ca 750 tilsette fordelt på ca 530 årsverk er ein stor organisasjon som har behov for stadig utvikling. Det har gjennom mange år vore avgrensa midlar til rådvelde til utviklingstiltak – i alle høve kollektive utviklingstiltak. Slik rådmannen ser det, vil det vere ynskjeleg at midlar vert stilt til rådvelde slik at dei ulike avdelingane innan kommunen gjennom interne prioriteringar får høve til å gjennomføre utviklingstiltak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Rekneskap og årsmelding for 2013 blir godkjent.
2. Det rekneskapsmessige overskotet for 2013 på kr. 10.809.742,54 blir disponert slik:
 - a. Kr 9.809.742,54 vert avsett til disposisjonsfond.
 - b. Kr 1.000.000,- vert avsett til fond for organisasjonsmessige utviklingstiltak.
3. Arbeidsmiljøutvalet får fullmakt til å utforme retningsliner for bruken av midlane etter pkt 2 b.

Handsaming i Formannskapet 14.05.2014.

FO-077/14 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 21.05.2014.

KS-022/14 Vedtak:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Etatsleiarane
Avdelingsleiarane i sentraladministrasjonen
Tillitsvalde



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 097/14	Formannskapet	19.06.2014
KS 042/14	Kommunestyret	26.06.2014

Avgjerd av: Kommunestyret
Sakshandsamar: Randi Rørvik

Ref: 13/382 -10

Ark. 210

Rekneskapsrapport 1. tertial 2014 - Stryn kommune

Presentasjon:

Rekneskapsrapport for 1. tertial 2014 vert lagt fram til formannskapet og kommunestyret til orientering.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Økonomiplan for perioden 2014 - 2017
Budsjettvedtak for 2014
Kommunelova
Økonomireglementet for Stryn kommune

Aktuelt sakstilfang:

Ikkje vedlagt:

Saldoliste for 1.tertial, perioden 01.01.2014 – 30.04.2014

Saksopplysningar:

Formålet med rapporteringa er å gje politikarane ei oversikt på korleis sektorane og avdelingane klarer å halde dei økonomiske rammene for dei 4 første månadane i 2014. Rapporten inneheld også oversikt over tiltak som er med i ØPL 2014-17 med framdrift og økonomiramme.

Vurdering:

Viser til rådmannen sin kommentar i tertialrapporten i forhold til utfordringar og innsparingar vi står overfor i 2014. Dette gjeld så spesielt endringar i inntektssystemet som førar til ei samla mindre inntekt på kr. 3.020.000,-, og utfordringane knytt til fellesrådet, kor kostandane ikkje er kjende enno.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Rapporten blir teken til vitande.
2. Det skal utarbeidast budsjettreguleringssak til første formannskapsmøte etter ferien.
3. Budsjettsprekkene for 2014 - inkl. evt. tilleggsløyve til fellesrådet- skal fordelast høvesves mellom sektorane.

Handsaming i Formannskapet 19.06.2014.

FO-097/14 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 26.06.2014.

KS-042/14 Vedtak:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:
Etatsjefane
Avdelingsleiarar i Sentraladminsitrasjonen.



STRYN KOMMUNE

1. TERTIALRAPPORT

PERIODEN

01.01.14 - 30.04.14

Innhald

1. Rådmannen sine kommentarar og overordna vurdering av status pr. 1. tertial 2014	2
2. Endringar i rammetilskotet til kommunane, saldert budsjett 2014	3
3. Skule- og kulturetaten	7
4. Helse- og sosialetaten	8
5. Teknisk etat	11
6. Sentraladministrasjonen	13
6.1 Plan og næringsavdeling.....	13
6.2 Bygg- og eigedomsavdeling	14
6.3 Personal og arbeidsmiljøutval	14
6.4 Servicekontoret	15
6.5 Rådmannsavdelinga.....	15
6.6 Økonomiavdeling og IKT.....	16
6.6.1 Nordfjord nett (IKT Nordfjord prosjekt).....	16
6.7 Skattar, rammetilskot og finans	16
6.8 Diverse andre tenester	19
7. Oppfølging tiltak med i ØPL 2014-17	20
7.1 Tiltak i helse- og sosialsektoren	20
7.2 Tiltak i skule- og kulturetaten.....	21
7.3 Tiltak i teknisk etat	22
7.4 Tiltak i bygg- og eigedomsavdeling	25
7.5 Tiltak i servicekontoret/administrasjonsavdeling.....	26
7.6 Tiltak i plan- og næringsavdeling	26

1. RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR OG OVERORDNA VURDERING AV STATUS PR. 1. TERTIAL 2014

Etter at driftsbudsjettet har vore gjennomgått i heile kommuneorganisasjonen, viser det seg lite avvik mellom forbruk 1. tertial og pårekeleg forbruk basert på årsbudsjettal i same periode. Når det gjeld tala som knyter seg til to ansvar innanfor helse- og sosiaalsektoren, blir desse handsama som eigne saker og blir difor ikkje kommenterte nærare her.

Det er to område som skil seg ut og som krev budsjettmessig handling:

1. Endringar i inntektssystemet som på fører kommunen ei samla mindreinntekt på ca kr 3.020.000,-.
2. Utfordringar knytt til fellesrådet sitt budsjett. Gjennomgangen av dette budsjettet er ikkje slutført, og det er difor vanskeleg å framkome med eksakte tal, men det vil truleg vere behov for min 1 mill til dette føremålet utover det som allereie ligg i det vedtekne budsjettet. Sidan tala ikkje er kjende enno, er dei heller ikkje medtekne i tabellen nedanfor.

Når det gjeld endringane i inntektssystemet, viser vedlagde tabell kva for område som representerer mindreinntektene. Dette er ein situasjon som den einskilde kommune ikkje kan påverke gjennom eigne disposisjonar.

Bortsett frå dei utfordringane som endringane i inntektssystemet representerer er rådmannen vel nøgd med budsjettsituasjonen etter 1. tertial -14. Ut frå dei gjennomgangane som har vore innan dei ulike områda, kan ein ikkje sjå at det føreligg store uførutsette kostnader som krev handling på dette tidspunktet.

	Opphavleg budsjett	Auka utgift/ Redusert inntekt	Redusert utgift/ Auka inntekt	Revidert budsjett
Rammetilskot og skatt	379.462.000	3.020.000		376.442.000
Ansvar 1170 Leige av lokale	0	171.000		171.000
Prosjekt 1: Ansvar 3119 Feilføring i budsjett på løn til reinhald ved Vikane omsorgssenter Bruk av disposisjonsfond	0	1.299.500	1.299.500	1.299.500
Prosjekt 2: Ansvar 3124 ekstraordinært tiltak overfor ein ny brukar Bruk av disposisjonsfond	0	1.222.000	1.222.000	1.222.000
Kyrkjelege fellesråd Stryn (eksl. tenesteyting kr.306.700,-)	4.020.400	X		X
Sum		5.712.500	2.521.000	
Underdekning		3.191.000*		

*Jfr. det som er sagt om fellesrådet sitt budsjett ovanfor.

2. ENDRINGAR I RAMMETILSKOTET TIL KOMMUNANE, SALDERT BUDSJETT 2014

Kommune	Ramme-tilskudd Grønt hefte 2014 (1 000 kr)	Endring i innbyggertilskuddet saldert budsjett 2014						Sum endringer saldert budsjett (sum kol. 2- kol. 7) (1 000 kr)	Ramme-tilskudd etter saldert budsjett 2014 (1 000 kr)
		Økning pga. skatte-endringer og deflator (1 000 kr)	Endringer barnehage (1 000 kr)	Endringer grunnskole (1 000 kr)	Endringer barnevern (1 000 kr)	Utlemming rus-tilskudd (1 000 kr)	Dobbelt-rom sykehjem (1 000 kr)		
	1	2	3	4	5	6	7	8	9
1401 Flora	315 790	757	-1 480	-479	103	-607	35	-1 672	314 118
1411 Gulen	94 301	188	-247	-111	14	-76	11	-222	94 079
1412 Solund	42 189	70	-70	-39	5	-26	4	-56	42 133
1413 Hyllestad	59 094	111	-98	-66	8	-47	6	-85	59 009
1416 Høyanger	135 429	306	-424	-187	37	-172	17	-424	135 006
1417 Vik	91 508	201	-296	-101	15	-92	12	-261	91 247
1418 Balestrand	57 054	107	-144	-55	9	-51	6	-129	56 925
1419 Leikanger	66 271	153	-307	-97	17	-70	6	-298	65 973
1420 Sogndal	173 188	455	-972	-274	53	-280	21	-998	172 190
1421 Aurland	52 575	124	-149	-66	10	-57	7	-131	52 443
1422 Lærdal	71 715	157	-229	-87	13	-78	9	-215	71 500
1424 Årdal	136 516	345	-579	-173	34	-225	21	-578	135 937
1426 Luster	156 281	360	-593	-201	33	-184	21	-564	155 717
1428 Askvoll	107 767	232	-314	-126	19	-99	14	-273	107 494
1429 Fjaler	107 608	222	-383	-108	19	-98	14	-335	107 274
1430 Gaular	101 273	218	-431	-126	21	-97	11	-403	100 870
1431 Jølster	102 933	226	-442	-135	24	-101	11	-417	102 516
1432 Førde	302 601	782	-1 940	-508	101	-543	31	-2 077	300 524
1433 Naustdal	92 183	198	-356	-114	19	-91	10	-333	91 850

1438 Bremanger	147 620	310	-400	-187	23	-147	18	-382	147 238
1439 Vågsøy	173 502	402	-712	-220	39	-249	23	-718	172 784
1441 Selje	94 133	201	-269	-117	18	-96	11	-252	93 882
1443 Eid	157 502	391	-774	-239	44	-235	19	-794	156 707
1444 Hornindal	50 400	96	-151	-57	7	-35	5	-136	50 265
1445 Gloppen	185 037	415	-714	-231	40	-203	24	-668	184 369
1449 Stryn	206 223	494	-928	-295	55	-296	25	-945	205 278

Tabellforklaring:

Kol. 1: Rammetilskudd etter Prop. 1 S (2013-2014)

Kol. 2: Økning i frie inntekter som følge av økt deflator og skatteendringer

Kol. 3: reversert reduksjon makspris (-163 mill.), reversering av opptrapping mot to barnehageopptak (-241 mill.) og redusert etterspørsel etter barnehage som følge av økt kontantstøtte (-344 mill.)

Kol. 4: med frukt og grønt i grunnskolen (-107,2 mill.)

Kol. 5: komp. for økt kom. egenandel i barnevernet i Grønt hefte 2014.

Kol. 6:

Kol. 7: Økt innbyggertilskudd som følge av redusert egenandel for personer på dobbeltrom på sykehjem (15 mill.)

Kol. 8: Sum endringer i rammetilskuddet saldert budsjett 2014 (sum av kolonne 2-7)

Kol. 9: Rammetilskudd etter saldert budsjett 2014

STRYN		1449					
<i>faste år 2014-priser for årene 2014 - 2018</i>		PROGNOSE					
1000 kr	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	147 918	154 225	162 177	158 265	158 265	158 265	158 267
Utgiftsutjevning	38 964	36 827	40 363	40 659	40 659	40 659	40 659
Overgangsordninger (INGAR fra 2009)	-492	396	-437	-	-	-	-
Saker særskilt ford (fysioterapi/kvalifiseringsprog)	1 433	-	424	959	959	959	959
Nord-Norge-tilskudd/Namdalstilskudd	-	-	-	-	-	-	-
Hovedstadstilskudd (fra 2011 storbytilskudd)	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd	-	-	-	-	-	-	-
Distriktstilskudd Sør-Norge	2 792	2 896	2 996	3 003	3 003	3 003	3 003
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.	1 000	700	700	-	-	-	-
herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgift	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet	-	-	-	-	-	-	-
Endringer saldert budsjett 2014			-945				
Kompensasjon Samhandlingsreformen	-	-	-				
Ekstra skjønn tildelt av KRD	641	-	-				
RNB2012-2014	178	82	-3				
Sum rammetilsk uten inntektsutj	192 435	195 126	205 278	202 885	202 885	202 885	202 888
"Bykлетrekke" (anslag etter 2010)							
Netto inntektsutjevning	21 548	21 949	24 260	24 121	24 121	24 121	24 121
Sum rammetilskudd	213 982	217 075	229 538	227 006	227 006	227 006	227 008
Rammetilskudd - endring i %		1,4	5,7	-1,1	-	-	0,0
Skatt på formue og inntekt	138 064	145 776	146 904	146 058	146 058	146 058	146 058
Skatteinntekter - endring i %		5,6	0,77	-0,58	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	352 046	362 851	376 400	373 100	373 100	373 100	373 100
			(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)				
Sum - endring i %		3,1	3,7	-0,9	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen	300	150	0				
(ufordelt skjønn fra Grønt Hefte - for 2014 fordelt så langt i år)							

Sum skatt (inkl selskaps) og netto skatteutjevning	159 612	167 725	171 165	170 178	170 178	170 178	170 178
Sum - endring i %		5,1	2,1	-0,6	-	-	-
Rammetilsk kr pr innb. (m selsk skatt frem til 2008)	30 215	30 665	32 292	31 937	31 937	31 937	31 937
Skatteinntekter kr pr innb. uten selskapsskatt	19 495	20 593	20 667	20 548	20 548	20 548	20 548
Kostnadsindeks (utgiftsutjevningen)	1,1218	1,1087	1,1157	1,1185	1,1185	1,1185	0,1185

	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017
DRIFT						
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	25.986.779,39	26.469.900,00	26.911.600,00	26.861.600,00	24.106.100,00	23.556.400,00
Andre salgs- og leieinntekter	32.570.183,34	33.088.200,00	34.326.600,00	34.326.600,00	36.553.700,00	39.798.700,00
Overføringer med krav til motytelse	69.823.677,92	53.131.300,00	40.312.900,00	40.304.000,00	40.348.800,00	40.415.300,00
Rammetilskudd	213.172.590,37	221.227.000,00	229.087.000,00	229.472.000,00	229.472.000,00	229.472.000,00
Andre statlige overføringer	12.400.121,40	12.310.000,00	13.650.000,00	13.650.000,00	13.650.000,00	13.650.000,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Skatt på inntekt og formue	138.064.084,74	141.181.000,00	150.375.000,00	150.375.000,00	150.375.000,00	150.375.000,00
Eiendomsskatt	10.285.283,50	10.600.000,00	10.500.000,00	10.500.000,00	10.500.000,00	10.500.000,00
Andre direkte og indirekte skatter	29.183,00	29.000,00	29.000,00	29.000,00	29.000,00	29.000,00
Sum driftsinntekter	502.331.903,66	498.036.400,00	505.192.100,00	505.518.200,00	505.034.600,00	507.796.400,00

UTFORDRING:

I ØPL 2014-17 budsjetterte Stryn kommune med til saman kr. 379.462.000,- i skatt og rammetilskot. Etter revidert nasjonalbudsjett 2014 mottar Stryn kommune kr. 376.442.000,-. Det vil sei kr. 3.020.000,- mindre enn vi har budsjettert med.

Det gjerast merksam til at endring i skatt og rammetilskot frå 2014 til 2015 kjem ut med negative beløp i den nye modellen, sjølv om det i kommuneøkonomiproposisjonen er lagt til grunn at kommunane vil få ein realvekst på 3,75 - 4,25 mrd kroner i 2015. Dette skyldas at i overkant av 5,5 mrd kroner totalt forventast trekt ut av inntektssystemet, som følgje av at regjeringa har lagt opp til at kommunal medfinansiering av samhandlingsreforma skal avvikles frå og med 2015. Uttrekket på 5,5 mrd kroner er eit skjønnsmessig anslag. Endelig beløp som skal trekkas ut fra kommunerammen kjem i statsbudsjettet for 2015.

3. SKULE- OG KULTURETATEN

Rekneskapen for perioden 01.01.2014 – 30.04.2014 viser følgjande hovudtal for skule- og kultursektoren. Det er ikkje føreteke regulering av budsjettet i 2014.

<u>Utgifter/inntekter:</u>	<u>Budsj. 2014</u>	<u>Rekneskap per 30.04.2014</u>	<u>Forbruk %</u>
Løn	147.529.900	55.046.974	37,3
Andre utgifter:	29.231.200	8.547.132	29,2
Inntekter:	- 28.165.600	- 12.024.994	42,7
<u>Netto drift:</u>	<u>148.595.500</u>	<u>51.569.112</u>	<u>34,7</u>

Ut frå gjennomsnittstal skal ein etter utgangen av april ha nytta 4/11 av budsjettet. Det utgjør 36,37 %.

Lønsutgiftene er kr. 1.399.736 høgre enn periodisert budsjett. Det har primært samanheng med at budsjettet ikkje er regulert når det gjeld utgifter og inntekter i samband med fødselspermisjonar og langtidssjukefråvere. I same periode er det inntektsført refusjonar frå NAV med kr. 3.234.351, eller kr. 1.834.615 meir enn overforbruket på løn. Ein del av vikarutgiftene kan også vere overført til mai.

Når det gjeld driftsutgiftene, så ligg dei 2.082.396 under periodisert budsjett.

Det har mellom anna samanheng med at skular og barnehagar ikkje fordeler innkjøpa jamt ut over året, men prøver å ha større og færre innkjøp. Hovudinnkjøpa skjer i høve nytt skule-/barnehageår i august. Tilskotet til private barnehagar er betalt ut for dei første 7 mnd i 2014, og bokførte utgifter ligg såleis over periodisert budsjett.

Inntektene er 1.782.958 høgre enn periodisert budsjett. Det skuldast i at budsjettet ikkje er regulert i høve refusjonar frå NAV. I tillegg er ikkje interne utgifter/inntekter fordelte. Foreldrebetaling i SFO og barnehage er inntektsført med 5 mnd i staden for 4 mnd. Bokført foreldrebetaling er såleis kr. 843.610 meir enn periodisert budsjett.

Netto drift er kr. 2.375.615 lægre enn periodisert budsjett.

I samband med budsjettarbeidet for 2014 var reinhald overført frå skule- og kulturetaten til bygg- og vedlikehaldsavdelinga. Alle kostnader med drift av bygg er såleis flytta frå etaten. I dette arbeidet vart leiga for gymnastikksalen i Loen utegløymt. Prisen er avtalt med kr. 169.000 per år frå august 2011. Leigesatsen skal indeksjusterast årleg. Per 01.08.13 var husleiga kr. 173.397, og den skal indeksregulerast per 01.08.14. For 2014 må budsjettet til bygg- og vedlikehaldsavdelinga få ei ekstra tilføring på kr. 176.000.

Ved gjennomgang av dei enkelte tenesteområda/ansvarsområda, finn ein i all hovudsak naturlege forklaringar på sprik mellom budsjett og rekneskapstal.

Ut frå første tertial oversikt (Januar – april) ser det ut til at etaten kan halde seg innafor tildelt budsjetttramme. Men det vert ei ekstra stor utfordring i og med at kommunen sine budsjetterte inntekter vert redusert med vel 3 mill. kr. Det krev stram budsjettdisiplin resten av året for å unngå overskridingar av budsjettet.

4. HELSE- OG SOSIALETATEN

Budsjettforbruk pr. 1. tertial 2014 for helse- og sosialetaten.

Formålet med rapporteringa er å gje politikarane ei oversikt på korleis sektoren klarer å halde dei økonomiske rammene for dei 4 første månadane. Dersom både inntekter og utgifter fordelte seg likt utover året, vil 4 månaders forbruk utgjere 33,33%.

Budsjett 2014 er godkjent ligg som samanlikningstal.

Saldotal pr. 30.04.2014 (1000 kr):

Heile sektoren	Rekneskap pr. 30.04.2014	Budsjett 2014	Forbruk i %
Brutto driftsutgifter	69.439	203.591	34 %
Inntekter	13.907	52.858	26 %
Netto drift	55.532	150.733	37 %

Etter 4 mnd er det ein god del både utgifter og refusjonar som ikkje er motteke eller bokførte. Lønnskostnadene for mnd er tillagd 12 % feriepengar.

Oversikt over forbruket på ulike større tenesteområde (1000 kr.) pr. 30.04. i 2014 sett i høve til disponible midlar d.å. :

TENESTE	Driftsutgifter 2014			Driftsinntekter 2014		
	Kr.	Budsjett	%	Kr.	Budsjett	%
Folkevalde organ	0	174	0%	0	-	-
Helse- og sosialadministrasjonen	724	2 275	33%	245	37	667%
Familievern	97	724	13%	0	-	-
Førebygging rus	20	61	33%	1,5	4	39%
Sal- og skjenkekontroll	18	145	13%	3,6	268	1%
Folkehelsearbeid	100	293	34%	37	151	24%
Tryggleiksalarmar	216	220	98%	90	276	33%
Medfinansiering somatiske pas.	3 205	7 340	44%	-	-	-
Akutthjelp (KAD)	0	1 639	-	846	1 639	52%
Flyktningadministrasjon	429	1 424	30%	23	1 424	2%
Introduksjonsstønad	1 046	3 505	30%	0	3 505	-
Introduksjonsordninga	232	768	30%	0	768	-
Vikane omsorgssenter (inst.)	10 203	30 188	34%	2 470	7 133	35%
Heimesjukepleien Vikane	2 086	6 528	32%	79	114	69%
Heimehjelp Vikane	774	2 419	32%	116	300	39%
Matombringing Vikane	51	342	15%	170	466	37%
Stryn omsorgssenter (inst.)	15 892	43 828	36%	3 535	9 158	39%
Heimesjukepleie Stryn	3 415	9 115	37%	176	193	91%
Heimehjelp Stryn	1 412	4 711	30%	233	485	48%
Matombringing Stryn	33	503	7%	223	674	33%
Bukollektiv	1 071	3 069	35%	111	407	27%
Dagsenter psykiatri	589	1 598	37%	33	20	165%
Støttekontakt	139	739	19%	0	2	-
Dør-til-dør-transport	110	389	28%	8	389	2%
Avlastingsbustad	645	2 016	32%	6	15	42%
Psykisk helsearbeidarteneste	407	1 256	32%	2	0	16%
Heimeteneste funksjonshemma	12 611	35 784	35%	431	7 493	6%
Privat avlastning	12	246	5%	0	-	-
Miljøretta helsevern	158	498	32%	0	65	-
Legetenesta Stryn, Vikane, Olden	3 283	9 694	34%	1 154	4 118	28%

Legevakt	140	1 281	11%	0	40	-
Legevaktsentralen	0	969	0%	0	-	-
Helsestasjon	1 470	4 318	34%	93	279	33%
Fysioterapi	1 057	3 302	32%	15	294	5%
Ergoterapi	361	718	50%	72	0,5	-
Avlastingsbustaden/bygg	45	167	27%	0	6	0%
Trygde- og oms.bustader Innvik	-	-		336	1 059	32%
” Olden	100	302	33%	112	339	33%
” Stryn	587	1 740	34%	1 310	4 012	33%
Sosialbustader	172	458	37%	891	2 654	34%
Stryn arbeidssenter	2 063	6 390	32%	151	412	37%
Sosialkontortjenester i NAV	515	1 848	28%	83	737	11%
Tilbod til pers. med rusproblem	95	283	34%	10	-	-
Kvalifiseringsstønad	242	400	60%	0	-	-
Økonomisk sosialhjelp (norske)	286	920	31%	9	35	24%
Økonomisk sosialhjelp flyktn.	598	1 600	37%	0	-	-
Barneverntenesta (kuratorar)	1 445	2 854	51%	528	471	112%
Barneverntiltak i familien	108	685	16%	0	22	-
Barneverntiltak utanfor familien	767	2 746	28%	301	1 221	25%

Det er 2 større avvik å merke seg:

Under arbeidet med tertialrapporten er det oppdaga ein særskild beklageleg feil i budsjett 2014. I overføringa frå økonomiplan godkjend av kommunestyret til årsbudsjett inkludert vedtekne tiltak, har to postar for løn til reinhald ved Vikane omsorgssenter ramla vekk. Det kompliserande var at artskonteringa skulle endrast samstundes, i samsvar med endra kontobruk iflg. KOSTRA-regelverket. Det som ikkje er komen med i budsjettet er fast løn på kr 1 253 500 + høgtidstillegg kr 46 000, dvs. underbudsjettering på kr. 1 299 500. Konsekvensen er at det er tilsvarende høgare avsetjing til disposisjonsfond i årsbudsjettet enn det som låg til grunn i rådmannen sitt framlegg til ØPL for politisk handsaming.

I tillegg kjem at heimesjukepleien i Stryn har måtte sette inn eit ekstraordinært tiltak som ikkje var budsjettert og som for heile året vil kome opp i kr 1 200 000.

Det vert lagd fram eiga sak om trong for ekstra midlar til dekking av desse utgiftene.

Utgiftene i rekneskapet ligg på ca. 34 % medan inntektene er på ca. 26 %. Dei samla utgiftene er bra i samsvar med budsjett, men det må reknast med noko ekstra då ein del kostnader for april ikkje er bokført enno. I tillegg kjem at det så langt er avvikla liten del av ferien i pleie- og omsorg, dvs at vikarutgiftene vert vesentleg større resten av året. Inntektene er lågare enn budsjettert. Dette skriv seg mest utifrå fakturering etterskotsvis, tilskot, fondsbruk og diverse refusjonar som blir inntektsført ein gong i året, gjerne i desember.

Særlege merknader:

- Administrasjonen har fått tilskot frå Norsk Helsenett i samband med prosjekt «Meldingsløftet» og lite utgifter er så langt bokførte.
- Sal og skjenkekontroll: Fakturering skjer etter kvar kontroll og det er mest kontrollar i sommarhalvåret. Inntektsføring av avgifter for sals- og skjenkeløyve skjer ein gong i året.
- Tryggleiksalarmar: utgiftene vert bokført stort sett 100 % i januar medan inntekter kjem inn pr månad.
- Medfinansiering av somatiske pasientar: Det er budsjettert med kr. 611.666,- pr mnd i samsvar med utgifter i 2013. Faktura frå Helse Vest er på 641.000,- pr mnd. Det er

vanskeleg å kalkulere kostnadene som ikkje vil vere avklart før året er omme. I tillegg er det pr. 30.04. bokført utgifter for 5 månader.

- Akutthjelp (KAD). Refusjonskrav frå Eid kommune som vertskommune kjem seinare på året, medan øyremarka statstilskot til kommunal akutt døgneining er motteke med 50 % av forventa tilskot for året.
- Vikane og Stryn omsorgssenter / institusjon, har brutto forbruk på høvesvis 34 og 36 %. Det er i utgangspunktet ikkje så veldig urovekkande, men netto vikarutgifter ved sjukdom og svangerskap er større enn budsjettert. Det gjeld både Stryn og Vikane området.
- Ved Vikane omsorgssenter er det ein viss bruk av vikarbyrå i år grunna underdekking på sjukepleiarar medan 4 er ute i svangerskapspermisjon. Betalingskrav er ikkje heilt ajour med forbruket i etter 4 mnd.
- Heimesjukepleien i Stryn har meirkostnader knytt til ekstraordinært tiltak.
- Tenestene for funksjonshemma har også høgare netto forbruk av vikarutgifter enn budsjettert.
- Kostnader matombringing både i Vikane og Stryn blir delvis kostnadsført seint på året.
- Ergoterapiavdelinga har avvik grunna svangerskapspermisjon og vikarbruk.
- For legevakt og legevaktsentral kjem mesteparten av kostnadene, seint på året, jfr. interkommunale tiltak med refusjonskrav seint på året.
- For barneverntenesta er forklaringa på høge prosentvise utgifter at budsjettet ikkje er regulert enno i samsvar med vedtak i januar om tilføring av fondsmidlar.

Rekneskapet viser eit lite overforbruk etter 1. tertial. Utan tilføring av ekstra midlar vil det bli overforbruk. Budsjettet for sektoren er særskild stramt og tek i for liten grad høgde for ekstraordinære kostnader som er vanskeleg å kome utanom. I tillegg kjem den oppståtte feilen i avslutning av budsjettklargjeringa som gjer at faktiske lønsutgifter ikkje er komne med. Det er beklageleg at dette ikkje er avdekka tidlegare.

Tilføring av ekstra midlar er ingen enkel sak ettersom revidert nasjonalbudsjett tilseier reduserte inntekter for kommunen på 3 mill.kr. i 2014.

Det vert jobba med å analysere effekten av styrka grunnbemanning på institusjon frå 2013. Det er ingen eintydige svar så langt, m.a fordi det har vore store overbelegg inntil nyleg. Sjukefråværet auka relativt mykje ved Stryn omsorgssenter frå 2012 til 2013, men er no på veg nedover igjen. Fråværet i Vikane har gått mykje ned og det same gjeld tenestene for funksjonshemma. Saka vil bli nærare belyst i samband med prosjektarbeidet «Det store heiltidsvalet».

5. TEKNISK ETAT

Rekneskapen for perioden 01.01.2014 – 30.04.2014 viser følgjande hovudtal for teknisk etat.

Utgifter/inntekter	Budsjett 2014	Rekneskap pr. 30.04.14	Forbruk i %
Løn	15.848.800,-	5.036.007,-	31,8 %
Andre utgifter	29.928.500,-	7.636.101,-	25,5%
Inntekter	-24.406.500,-	-8.969.616,-	36,8%
Netto drift	21.370.800,-	3.702.492,-	17,3%

Av eit totalt budsjett på 21.370.800,- viser rekneskapen pr. 30.04.14 kr. 3.702.492,- eit forbruk på 17,3%.

Dersom inntekter og utgifter fordelte seg likt over året, vil forbruk etter 4 månader utgjere 33,33%.

Oversikten nedanfor viser forbruket på dei ulike tenestoområde pr. 30.04.2014 sett i høve til disponible midlar.

Teneste	Driftsutgifter 2014			Driftsinntekter 2014		
	Kr.	Budsjett	%	Kr.	Budsjett	%
Folkevalde organ	0	139.700,-	0	-	-	0
Administrativ leing	708.964,-	2.031.900,-	34,9	132.168,-	1.348.800,-	9,8
Interne serviceeiningar	1.021.404,-	3.058.600,-	33,4	-	3.058.600,-	0
Eigedomsskattekontor	243.833,-	436.600,-	55,9	-	-	
Kart- og oppmåling	312.590,-	908.100,-	34,4	21.773,-	206.500,-	10,5
Sjølvkost kart/oppmåling	418.284,-	1.201.700,-	34,8	354.943,-	1.201.700,-	29,5
Byggesak	604.649,-	1.838.600,-	32,9	314.212,-	943.800,-	33,3
Feiing/brannsyn	458.461,-	1.425.300,-	32,2	10.309,-	1.425.300,-	0,7
Spesielt brannsyn	252.262,-	835.900,-	30,2	-	-	
Brannvesen	1.519.380,-	4.697.200,-	32,4	27.618,-	227.600,-	12,1
Beredskap mot akutt forureining	11.602,-	56.600,-	20,5	-	-	
Produksjon av vatn	491.944,-	1.816.500,-	27,1	-	-	
Distribusjon av vatn	996.157,-	4.312.300,-	23,1	3.048.176,-	6.128.800,-	49,7
Avløpsnett	1.412.170,-	5.568.800,-	25,4	2.677.850,-	5.568.800,-	48,1
Tøming av sep.tankar/slam	536.356,-	2.999.000,-	17,9	1.842.100,-	2.999.000,-	61,4
Avfallshandsaming	1.238,-	75.000,-	1,7	0,-	75.000,-	0
Kommunale vegar	3.364.975,-	13.321.500,-	25,3	436.053,-	921.000,-	47,4
Parkeringsplassar	18.634,-	42.200,-	44,3	-	-	
Gatelys	217.023,-	565.200,-	38,4	-	-	
Parkar og grøntanlegg	40.745,-	435.100,-	9,4	4.926,-	149.600,-	3,3
Offentleg plassar og torg	3.461,-	11.500,-	30,1	2.692,-	9.300,-	12,7

Vurdering:

Ved gjennomgang av dei enkelte tenestoområda er forbruket rimeleg ajour i høve til budsjettet.

Eigedomsskattekontor, driftsutgifter: Vedlikehaldsprisen på Komtek har auka frå 48.000,- til 78.000,-. Denne auken er ikkje teke med i budsjettet. Nordfjordkommunane har hatt ein

spesialavtale med 75% rabatt på vedlikehaldsprisen, men spesialavtalen gjekk ut i 2013. Elles vil deler av inntektene på kart- og oppmåling først bli fakturert på slutten av året.

Kommunale vegar viser forbruk på 25,3% og dette skuldast sparte kostnader på vintervedlikehald. Gatelys ligg litt over periodisert budsjett og det er straumutgifter som her gjer utslaget.

Parkar og grøntanlegg viser låge tal, her kjem mesteparten av utgiftene i sommarmånadane. Det er også i år tilsett engasjement i 2 mnd. arbeidsleiar for flyktingar. Arbeidsleiaren har ansvaret for leiing av dei flykningane som har arbeidspraksis på park- og grøntanlegg i kommunen.

Gebyrinntektene på vatn, avløp og slam for 1. halvår 2014 er inntektsført pr. 30.04.14. Når det gjeld tenestoområde feiing/tilsyn viser oppstillinga låg inntekt og har så årsak i at feie/tilsynsgebyret først blir innkravd 2. halvår (september).

Det vert arbeidd vidare med å halde seg innanfor dei vedtekne rammer

6. SENTRALADMINISTRASJONEN

6.1 Plan og næringsavdeling

Rekneskapen for perioden 01.01.2014 – 30.04.2014 viser følgende tal for plan- og næring:

Område	Utgifter/Inntekter	Rekneskap	% av budsj.	Budsjett 1. tert.	Budsjett 2014
Teneste: 30110	Løn	215.175,41	28,60	250.066,68	750.200,00
PLANSAKHANDSAMING	Andre utgifter	344 788,00	37,70	304 867,00	914 600,00
	Inntekter	-70.677,19		-83.333,32	-250.000,00
	Netto drift	489.286,53		471.600,04	1.414.800,00
Teneste: 32510	Løn	77.742,45	27,60	93.666,68	281.000,00
NÆRINGSUTVIKLING	Andre utgifter	32 910,00	14,89	73 667,00	221 000,00
	Inntekter	-857,69		-6.666,68	-20.000,00
	Netto drift	111 509,00		160.666,68	482.000,00
Teneste: 32531	Utgifter	568 600,00		386.666,68	1.160.000,00
NÆRINGSFOND	Inntekter	-967.537,00		-386.666,68	-1.160.000,00
	Saldo	398 937,00		0,00	0,00
Teneste: 32532	Utgifter	350.245,50		235.000,00	705.000,00
KRAFTFOND	Inntekter	0,00		-235.000,00	-705.000,00
(KOMPENSASJONSFOND)	Saldo	350.245,50		0,00	0,00
Teneste: 32910	Løn	406.913,20	36,80	367.733,32	1.103.200,00
LANDBRUKSFORVALTNING	Andre utgifter	271 570,00	17,00	527 000,00	1 581 000,00
	Inntekter	-6.939,19		-272.800,00	-818.400,00
	Netto drift	671.544,67		621.933,32	1.865.800,00
Teneste: 36000	Løn	108.918,08	37,60	96.466,68	289.400,00
NATURFORVALTNING OG	Andre utgifter	37 033,00	17,40	70 800,00	212 400,00
FRILUFT	Inntekter	-1.396,00		-4.000,00	-12.000,00
	Netto drift	144.555,84		163.266,64	489.800,00

Vurdering:

Ved gjennomgang av dei enkelte tenesteområda viser rekneskapsrapporten at forbruket er bra ajour i høve til budsjettet. For 32910 Landbruksforvaltning er det avvik på inntekter som skuldast at kompensasjon for kommunal veterinærteneste ikkje er overført per 30.04.

6.2 Bygg- og eigedomsavdeling

Oversikt over forbruk 1. tertial 2014 – ansvar 1170

Oppsettet viser forbruk, budsjett og % -vis forbruk for dei største tenestene, samt totalforbruk.

TENESTE	FORBRUK	BUDSJETT	% FORBRUK
12110 Forvaltning	812.248,-	1.283.500,-	63,2 %
13000 Adm.lokale	993.779,-	3.071.700,-	32,3 %
19011 Vaktm.teneste	1.368.400,-	3.766.300,-	36,3 %
19015 Reinh.teneste	2.649.421,-	7.129.800,-	37,1 %
22110 Førskulelokale	725.113,-	4.223.100,-	17,2 %
22210 Skulelokale	3.450.844,-	14.848.600,-	23,2 %
26100 Butilbod inst.	1.720.202,-	6.066.800,-	28,4 %
26200 «- utafor inst.	406.199,-	1.870.500,-	21,7 %
26300 Sosiale bust.	348.096,-	1.382.900,-	25,2 %
31010 Gjennomg.bust	237.382,-	434.200,-	54,7 %
32520 Drift av utleige	198.585,-	812.400,-	24,5 %
Totalbudsjett 1170	12.167.118,-	31.948.700,-	38,0 %

Av lønsposten til vaktmeistertenesta er det pr. 30.0.4.14 brukt: 37,12 %

Av lønsposten til reinhaldstenesta er det pr. 30.0.4.14 brukt: 37,19 %

6.3 Personal og arbeidsmiljøutval

		Regnskap	Buds(end)	Avvik	% forbruk
		2014	2014		
Ansvar: 1130 PERSONALUTVIKLING					
Teneste: 12031 PERSONALKONTOR					
10110	Fastløn - komm. regulativ	214 999,44	571 100	356 100,56	37,7 %
10560	Godtgjersle tillitsvalte/verneombod	146 512,8	397 200	250 687,2	36,9 %
	Sum teneste: 12031 PERSONALKONTOR	825 164,14	2 425 500	1 600 335,86	34 %

Teneste: 12032 ARBEIDSMILJØUTVALET

10560	Godtgjersle tillitsvalte/verneombod	20 087,08	53 400	33 312,92	37,6 %
	Sum teneste: 12032 ARBEIDSMILJØUTVALET	39 649,74	222 400	182 750,26	17,8 %

Ansvar: 1170 BYGG OG EIGEDOMSFORVALTNING

Teneste: 31010 GJENNOMGANGSBUSTADAR

10110		18 931,56	0	-18 931,56	0
	Sum teneste: 31010 GJENNOMGANGSBUSTADAR	184 692,96	-115 800	-300 493	-159,5 %

Det er ein sprekk på husleigeinntektene på grunn av at 2 bustadar var pussa opp i 1. kvartal 2014 + at vi pr dato har 3 husvære som står ledige (personalbustadar)

Forventa inntekter i 2014: kr. 440.000,-

Budsjett 2014: kr. 499.000,-

Differanse: kr. 59.000,-

6.4 Servicekontoret

Ansvar	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	% forbruk
1190 Servicekontoret	1 205 049,90	2 815 900	1 610 850,10	42,8 %
Sum Teneste 12092 Felles servicekontor	1 205 049,90	2 815 900	1 610 850,10	42,8 %
Fastløn - komm. regulativ	854 926,32	2 403 200	1 548 273,68	35,6 %
Anna ekstrahjelp	25 877,98	65 000	39 122,02	39,8 %

Kommentar: Litt høgt på felles servicekontor då det ikkje er ført internsal/inntekt mellom avdelingane.

6.5 Rådmannsavdelinga

Ansvar	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik	% forbruk
1110 Sentraladm./sjefskontor	1 349 020,26	3 866 600	2 517 579,74	34,9 %
Sum Teneste 22010 Adm.leiing	707 787,89	2 106 500	1 398 712,11	33,6 %
Fastløn - komm. regulativ	500 028,76	1 411 600	911 571,24	35,4 %
Sum Teneste 12099 Andre fellestenester	154 800,84	330 000	175 199,16	46,9 %
Sum Teneste 19101 Tinglysningsservice	2 855	0	-2 855	-
Sum Teneste 28580 Siviltforsvar	0	15 300	15 300	0 %
Sum Teneste 38024 Idrettsanlegg	310 000	0	-310 000	

Kommentar: Andre fellestenester litt høgt då det ikkje er ført internsal (inntekt) mellom avdelingane på for eksempel porto.

6.6 Økonomiavdeling og IKT

	Regnskap 2014	Buds(end) 2014	Avvik(per.)
Ansvar: 1120 Økonomiavdeling			
Teneste: 12020 Rekneskap/skatt			
10110 Fastløn - komm. regulativ	1.233.121,28	3.454.100,00	2.220.978,72
Sum utgifter	1.878.217,08	5.186.300,00	3.308.082,92
Sum inntekter	-155.369,24	-1.137.400,00	-982.030,76
Sum teneste: 12020 Rekneskap/skatt	1.722.847,84	4.048.900,00	2.326.052,16
Teneste: 12091 IKT			
Sum utgifter	299.973,46	4.348.900,00	4.048.926,54
Sum inntekter	-110.159,38	-515.000,00	-404.840,62
Sum teneste: 12091 IKT	189.814,08	3.833.900,00	3.644.085,92
<i>Kommentar: Har ikke fått akontofaktura fra Nordfjordnett, men forventar å få dette før neste tertialrapport som viser dei reelle utgiftene.</i>			
Sum ansvar: 1120 Økonomiavdeling	1.912.661,92	7.882.800,00	5.970.138,08

6.6.1 Nordfjord nett (IKT Nordfjord prosjekt)

Ansvar: 1120 Økonomiavdeling			
Teneste: 29011 Kommunenett nordfjord			
Sum utgifter	1.675.535,25	0,00	-1.675.535,25
Sum inntekter	-317.332,65	0,00	317.332,65
Sum teneste: 29011 Kommunenett nordfjord	1.358.202,60	0,00	-1.358.202,60
Teneste: 29012 Fellesprosjekt IKT			
Sum utgifter	9.325,18	0,00	-9.325,18
Sum inntekter	-9.325,18	0,00	9.325,18
Sum teneste: 29012 Fellesprosjekt IKT	0,00	0,00	0,00
Sum ansvar: 1120 Økonomiavdeling	1.358.202,60	0,00	-1.358.202,60

Kommentar: Desse går ut i 0,- då det skal fordelast på dei deltakande kommunane ved rekneskapsavslutning/prosjektavslutning.

6.7 Skattar, rammetilskot og finans

Ansvar: 8000 Skattar, rammetilskot og finan

Teneste: 17099 Premieavvik			
